



Årdal kommune
Teknologibygd

Klima og miljøpolicy for Årdal kommune

Strategi for delmål i Samfunnsplan «Miljø og teknologi inn i framtida»



Årdal kommune

Teknologibygd

Overordna mål og føringar for teknologi- og miljøbygda inn i framtida

Årdalssamfunnet er bygd på vilje og pågangsmot for utvikling. Ressursane i menneska og naturen, var grunnlaget for tidlegare framsteg og er det for det nye som skal kome. Ein natur og eit folk av det tøffaste i Noreg. Dette er styrkar Årdal vil bygge vidare på i åra som kjem, og vise verda korleis ein kan smelte saman satsinga på teknologi og berekraft for å nå ambisiøse klimamål og utviklingsmål for samfunnet som heilskap.

Årdal er eit samfunn som alltid har opplevd omstilling og endring. Frå å vere ei lita landbruksgrønd, til storindustri med over 7000 innbyggjarar og utvikling «to små byar», til eit meir differensiert samfunn med stadig behov for effektivisering og tilpassingar. Årdal er påverka av dei store sentraliseringstrendane der ungdom og særskilt kvinner dreg til sentrale strøk, men har likevel klart å stabilisere folketalsutviklinga.

For ei vidare og god utvikling i Årdal, må vi halde på dei som bur her og som kjem til Årdal. Vi må sikre eit breiare tilfang av arbeidsplassar generelt, og særskilt til høgt utdanna kvinner. Det kan vi få til gjennom vidare utvikling og eit positivt omdøme bygd på egne kvalitetar.

Samfunnsplanen er bygd på FN sine 17 berekraftsmål, og dei tre dimensjonane klima/miljø, sosialt og økonomisk. Berekraftig utvikling handlar om å ta vare på behova til menneska som lever i dag, utan å øydelegge for korleis framtidige generasjonar skal få dekke behova sine.

Hovudmålet fram mot 2030 er forma slik:

«Årdal er eit berekraftig lokalsamfunn med sterke bukvalitetar»

Felles overordna mål for 2022 – 2030:

- Sikrar god helse, universell utforming og fremjar livskvalitet for alle
- Årdal har mange og gode møteplassar som bidreg til høg bulyst og samarbeid på tvers i samfunnet
- Årdal er prega av eit sterkt kulturliv med idrett, friluftsliv og frivillig arbeid
- Årdal er eit klima-, natur- og miljøvennleg samfunn
- Vekst i tal arbeidsplassar er basert på grøn teknologi og sirkulærøkonomi
- Teknologi og miljø gjennomsyrrer heile lokalsamfunnet
- Årdal har høg kvalitet på kommunale tenester



Årdal kommune

Teknologibygd

Konkrete mål og tiltak

- Reduserer klimagassutslepp, ureining og støy. Utviklar transportsystem for å redusere klimagassutslepp.
- Utviklar ein sirkulærøkonomi med gjenvinning, reparasjon og gjenbruk, der alle kan velja delings og gjenbruksløyisingar i sitt forbruk.
- Stiller klima-, natur- og miljøkrav til samarbeidspartar, utbyggjarar og i offentleg innkjøp.
- Utviklar klima- og energieffektive bygg av høg kvalitet og fossilfrie byggeplassar

Tema i policy	Reduserer klimagass utslepp, ureining og støy. Utviklar transportsystem for å redusere klimagassutslepp.	Utviklar ein sirkulærøkonomi med gjenvinning, reparasjon og gjenbruk, der alle kan velja delings og gjenbruksløyisingar i sitt forbruk.	Stiller klima-, natur- og miljøkrav til samarbeidspartar, utbyggjarar og i offentleg innkjøp.	Utviklar klima- og energieffektive bygg av høg kvalitet og fossilfrie byggeplassar
Mål	Reduserer klimagass utslepp, ureining og støy frå drift med 80% innan 2050. Aukar bruken av kollektivtransport med 70% innan 2030.	Oppnå 70% avfallsreduksjon innan 2027 80% av innkjøp skal vere ombruk der det er mogeleg.	100% av selskap Årdal kommune har eigarskap i, skal oppnå ein form for miljøsertifisering innan 2027. På alle innkjøp skal miljø vekte 30% uansett art. Redusere førekomst av framande artar med 80% innan 2030.	80% av alle kommunale bygg skal ha vert igjennom ein miljøsertifisering innan 2027. 100% av alle nye bygg i kommunen skal vere klima- og energieffektive.
Delmål	100% elektriske bilar innan 2030. Reduserer tenestereiser med fly med 50% innan 2025. Reduserer bilbruk til og frå jobb med 60% innan 2030.	Reduserer bruk av emballasje med 30% innan 2026. 50% av inventar skal kjøpast brukt innan 2025.	50% av bedriftene skal sertifiserast utan hjelp frå kommunen. Revidere 60% av rammeavtalar innan 2026. Redusere mengde framande artar 50% innan 2030.	Aukar energieffektiviteten til kommunale bygg med 40% innan 2030. Implementere minst 5 ENØK tiltak kvart år.



Årdal kommune

Teknologibygd

Indikatorar	<p>Andel elbilar i bilparken til kommunen.</p> <p>Andel flyreiser per tenesteområdet kvart år.</p> <p>Andel bilfrie dagar per ansatt og arbeidsdagar</p>	<p>Avfallsmengder</p> <p>Mengde emballasje per innkjøpsvolum</p> <p>Mengde material til ombruk</p> <p>Andel av innkjøpsvolum som utgjør brukte varar</p>	<p>Antall nye bedrifter med miljøsertifisering</p> <p>Reviderte innkjøpsavtalar</p> <p>Rapportere mengder framande artar</p>	<p>Strøm forbruk per oppvarma areal</p> <p>Antall anbud med krav til fossilfri byggeplass</p>
Tiltak	<p>Kartlegge bilparken og lage ein heilhetlig plan for utskifting av tenestebilar.</p> <p>Lage ein forpliktande reisepolicy for ansatte.</p> <p>Kompensere for aukt tidsbruk hos ansatte for bruk av tog/buss for fly.</p> <p>Etablere sykkelparkings muligheter, og tilby goder som sykkelsservice.</p> <p>Fokus på oppmoding til fysisk aktivitet: -Sykle og gå til jobben aksjon -Sommartrim «klyppekort» -«Energitrim» på arbeidsplassen -Bedriftidrettslag</p>	<p>Utarbeide avfallsinstruks.</p> <p>Forbetre innkjøpsrutiner med fokus på ombruk.</p> <p>Sette krav i innkjøp til redusert mengde emballasje.</p> <p>Opprette kommunal ombruksentral.</p>	<p>Kartlegge eigarskap og lage eigarskapsmelding med forventning om sertifisering.</p> <p>Ha kontakt med samarbeidskommune og lage ny innkjøpsavtale.</p> <p>Gå igjennom alle avtalar og sette nye krav til eksisterande avtalar.</p> <p>Lage naturmangfoldsplan og kartlegge natur etter plan.</p> <p>Kartlegge alle framande artar.</p> <p>Sørge for at kommunen, utbyggjarar og samarbeidspartnar ikkje kjøper framande artar og planter dette ut.</p>	<p>Redusere oppvarmings temperaturen i bygg til 20 grader.</p> <p>Energi kartlegge og implementere tiltak som reduserer energibruk og auker produksjon av energi.</p> <p>Ved nybygg og større utbetringar av bygg, ta i bruk moderne teknologi for drift av bygg og styrke tenestene.</p>



Årdal kommune

Teknologibygd

	Redusere parkering for ansatte og montere el-bil ladere.			
Ansvar	Kommunalsjef for teknisk, samfunn og miljø Personalleiar	Kommunalsjef for teknisk, samfunn og miljø Økonomileiar	Kommunalsjef for teknisk, samfunn og miljø Økonomileiar	Kommunalsjef for teknisk, samfunn og miljø
Neste revidering	01.01.2025	01.01.2025	01.01.2025	01.01.2025
Kvittering OK/ Ikkje OK				